

TEKNISK ETAT

5100 Sødalsku

ANSVARSHAVANDE: JOHAN FYLLINGSNES,
5156 VÅGSEIDET

S Ø K N A D E N G J E L D

EIGEDOM / BYGGJESTAD	Adresse: KOLÅS, LINDÅS	Gnr. 108	Bnr. 234	Feste nr.
BYGGHERRE	ERNA-LISE/ NESSE SVEIN	Adresse SKRENTEN 55, 5150 LINDÅS		
KVA SLAG ARBEID	NYBYGG			
KVA SLAG BYGG	BUSTAD M/ GARASJE			
Dato for byggjesøknad: 27.02.96	Dato for vedtak i bygn.råd/ sjef: 03.02.97		Saksnr.: 44/97	

K O N T R O L L S K J E M A

(skal vera tilgjengeleg på byggjeplassen for bygningskontrolløren)

BYGNINGSDEL	BYGGJE-FORSKR. KAP.	KONTROLL DEN	KONTROLLERT/ GODKJENT AV ANSVARSH.	MERKNADER
1. Plassering	14:3			Skal utførast av teknisk etat eller ansvarsh. etter nærare avtale.
2. Byggjegrunn	42			
Fundament	"			NB! Send melding om byggjestart til teknisk kontor.
Grunnmur	"		X	
Isolering	"		X	
Drenering	"		X	
Tilbakefyll	"			
3. Bæreevne og sikkerheit	51		X	LINDÅS KOMMUNE TEKNISK ETAT 26. AUG. 1997 ARKIV NR.
Etasjeskilje	"			
tak og vegg	"			
4. Lydtilhøve	52		X	
5. Varmeisolering og tettheit	53		X	
6. Brannvern	30/39		X	
7. Bygn.delar/trapp	43/44		X	
8. Ventilasjonsanl.	47		X	
9. Røykkanal og varmeanlegg	49			
10. Sanitæranlegg	46			

K R A V O M F E R D I G S Y N F A R I N G F O R O V A N N E M N D E B Y G G J E A R B E I D S O M E R F E R D I G .

Underteikna ansvarshavande ber om at ferdigsynfaring vert halde:

Torsdag... den 19.08.97

Johan Fyllingsnes
ansvarshavande

MERK: Ansvarshavande sitt ansvar ovanfor bygningsstyresmaktene fell ikkje bort før det er gjeve ferdigattest i medhald av § 99 i bygningslova jfr. "Retningsliner for ansvarshavande" vedteke av bygningsrådet

**RETNINGSLINER FOR ANSVARSHAVANDE
I SAMSVAR MED § 98 NR. 2 I PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

1. Ansvarshavande pliktar å kjenna til plan- og bygningslova, byggjeforskriftene og til bygningsvedtektene for Lindås kommune, og syte for at byggjearbeidet vert utført i samsvar med desse og dei vilkår som er fastsett i byggjeløyvet.
2. Ansvarshavande pliktar å sjå til at byggjeløyve og godkjende teikningar er på byggjeplassen.
3. Ansvarshavande skal varsla bygningskontrollen minst 2 dagar før arbeidet skal startast opp. Bygget skal då vera plassert av teknisk etat etter rekvisisjon av ansvarshavande. Mindre byggjearbeid (tilbygg, garasjer, uthus m.v.) kan plasserast av ansvarshavande etter avtale med teknisk etat.
4. Ansvarshavande pliktar å ta dei kontrollar som går fram av kontrollista.

Ansvarshavande skal signera kontrollista når kontrollen er utført og arbeidet er funne å vera i forskriftsmessig stand. Evt. manglar skal først på lista. Ansvarshavande er ansvarleg for at manglar vert retta omgåande.
5. Dersom ansvarshavande ikkje utfører dei plikter som går fram av pkt. 4, vert arbeida stoppa inntil turvande kontroll er føreteke, t.d. ved at tilbakefylt masse vert fjerna, kledning vert teke ned, m.v. Jfr. bygningslova.
6. Ansvarshavande er ansvarleg for at alle pålegg for bygningskontrollen vert ettekome så snart som mogleg, og skal varska bygningskontrollen når pålegg er etterkome.
7. Ansvarshavande pliktar å sjå til at detaljer og utføring som ikkje kjem fram i søknaden, vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.
8. Ansvarshavande pliktar å sjå til at alle turvande sikringstiltak er utført for å unngå skade på person og /eller eigedom og for å oppretthalda den offentlege trafikk (§ 100 i plan- og bygningslova).
9. Ansvarshavande pliktar å sjå til at ingen del av bygningen vert teke i bruk før det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Synfaring av ferdig bygg vert rekvirert med kopi av kontrollista, som vert å senda teknisk etat. Ynskje om synfaring må avtalast minst 2 dagar før synfaringa.
10. Ansvarshavande skal sjå til at eventuelle arbeid som står att når bygningen vert teke i bruk, vert utført så snart som mogeleg.
11. Dersom ansvarstilhøvet går ut før arbeidet er fullført, skal ansvarshavande straks melde dette skriftleg til bygningsstyresmaktene.

Arbeidet skal innstillast til ny ansvarshavande er godkjent.
12. Ansvarshavande sine plikter ovanfor bygningsstyresmaktene er avslutta når ferdigattest etter § 99 i bygningslova er gjeve for alt arbeid som byggjeløyve omfattar og arbeidet er lovmessig utført.
13. Brot på desse retningslinene kan føra til tap av ansvarsrett. Jfr. § 98 nr 3 i plan- og bygningslova.